

## ANSV. REDAKTØR



**Yngve Årdal**  
911 49 805  
yngve.ardal@firda.no

## REDAKSJONSSJEF



**Eirik Grane**  
911 49 808  
eirik.grane@firda.no

## NYHEITSREDAKTØR



**Trond Jan Grimeland**  
911 49 804  
trond.jan.grimeland@firda.no

ADRESSER  
PÅ NETT:

Send inn video:  
[firda.no/lesarvideo](http://firda.no/lesarvideo)

Facebook:  
[facebook.com/firdamedia](https://www.facebook.com/firdamedia)

Twitter:  
[@firdamedia](https://twitter.com/firdamedia)

Instagram:  
[@firdamedia](https://www.instagram.com/firdamedia)

## Reidar Sandal trekker seg

**NÆRINGS LIV:** Etter ei ekstraordinær generalforsamling i Sunnfjord Næringsutvikling måndag var det klart at Reidar Sandal trekker seg som styreleiar, etter fem år i vervet. Mathias Råheim tek mellombels over som styreleiar fram til generalforsamlinga til våren. – Det er ei samla vurdering som gjer at eg trekker meg. Det er ingen dramatik i det, og eg vel sjølv å gå, sa Sandal til Firda måndag ettermiddag.

Det vart også klart at Oddmund Klakegg erstattar Atle Hamar, og Harald Kvame kjem inn i styret.

32-åring er tiltalt for mordbrannforsøk der sju menneskeliv stod i fare

# - Eg var på sykkeltur

**FØRDE:** Asylsøkaren sa i tingretten at han var på sykkeltur då brannen braut ut.

CAMILLA SKJÆR BRUGRAND  
Camilla.Skjaer.Brugrand@firda.no  
936 72 254

- Eg var på veg til Førde på sykkel min då asylmottaket byrja å brenne, seier den tiltalte.

32-åringen frå Syria sa måndag seg ikkje skuldig i nokon av punkta han var tiltalt for.

### Forskjellig forklaring

Måndag føremiddag stilte aktor spørsmål om tiltalte sine rørsler den aktuelle natta.

- Det var fint vær den dagen. Eg tok meg ein tur på fjorden i gummibåten min. Deretter reiste eg heim til leilegheita mi for lage meg mat og dusje - så gjekk straumen. Eg tok med meg maten og sette kurs mot Førde på sykkel min, seier tiltalte.

Mannen fortel at han skal ha sjekka sikringsskapet i bua på motsett side av bygningen der brannen starta. Aktor poengterer at tiltalte nekta for at han var i denne bua i eit avhøyr.

- Dette er eit år sidan. Korleis forventar de at eg skal hugse alt som skjedde? spør tiltalte.

I bua skal det ifølge politiet ha vore brennbart materiale som bensin, olje og måling. I tiltalen står det at brannen skal ha oppstått ved berr eld.

### Sykla då brannen braut ut

Den tiltalte forklarar at han sy-



**ALVORLEG SAK:** Den tiltalte (blå genser) står og snakkar med tolken sin, Abdelghani Dahman (raud genser). Forsvarsadvokaten til 32-åringen, Kjetil Johannes Ottesen, står heilt til venstre.

FOTO: CAMILLA SKJÆR BRUGRAND

kla frå Nordeide til Førde den aktuelle kvelden i februar.

- Eg brukte om lag to dagar fram og tilbake. Grunnen til at eg ville til Førde, var fordi eg ønskte å opne restaurant. Eg ville sjekke ut moglegheitene i ein større by, seier han.

Den tiltalte forklarar at han skal ha sove ute i naturen.

- Denne kvelden var det oversky og regn, seier aktor.

I eit avhøyr den 20. april skal den tiltalte ha forklart til politiet at han var på veg til Førde for å besøke nokre venner.

- Eg overnatta under open himmel og tok meg ikkje inn i noko hus på vegen, seier han.

I eit tidlegare avhøyr har

mannen forklart at han tok seg inn i eit hus og sov der. Då den tiltalte får tenkt seg litt om, forandrar han forklaringa si.

- Det var eit gammalt hus på fjellet ved fjorden langt frå Nordeide. Der gjekk eg inn og sov i fem timar, seier han.

Neste dag skal han ha tatt seg til vidare på sykkel til Førde.

### DETTE ER SAKA

■ Fredag 27. februar i år var det sett fyr på eit leilegheitsbygg på Nordeide i Høyanger. Ein 32 år gammal asylsøkar vart arrestert og tiltalt.

■ Rettssaka starta i går og går over fire dagar. Han er tiltalt for mordbrann, drapstrugsmål og tjuveri.

## - Kan gi meir slamspreiing

**NAUSTDAL:** Eit straumfenomen kan gi større konsekvensar for dyrelivet i Førdefjorden ved gruve-drift i Engebøfjellet enn det ein før har trudd.

IDAR STADHEIM  
idar.stadheim@firda.no  
901 28 020

Det hevdar ei gruppe forskarar ved Universitetet i Bergen, som meiner at det sjeldne straumfenomenet kan føre til at ein langstørre del av dyrelivet i fjorden

kan bli utsett for slam frå eit framtidig sjødeponi. Det melder NRK på sine nettsider.

- Under visse høve kan det hende at straumen i Ålasundet nærmar seg det vi kallar «kritisk straum». Då er sjansen stor for at det kan oppstå kraftig turbulens i området der det planlagte deponiet skal ligge, seier Tor Gammelsrød, professor i oseanografi ved UiB, til NRK.

Fenomenet blir kalla eit «hydraulisk sprang» og oppstår når væske brått skiftar fart, til dømes når vasstraumar må gjen-

nom tronge eller grunne sund, som Ålasundet i Førdefjorden.

Endrar farten seg raskt nok, oppstår turbulens i vatnet og dette kan føre til større partikelspreiing, meiner Gammelsrød.

Frå før har både Det Norske Veritas GL (DNV GL), SINTEF og Norsk Institutt for Vannforskning (NIVA) utarbeidd rapportar på straumforholda i Førdefjorden. UiB-forskarane meiner likevel at straumforholda i Førdefjorden ikkje er godt nok beskriver.

Tid for service!

2990,-\*

Intervallservice

\*Inkl. Mobilitetsgaranti  
Tilbodet gjeld Volkswagen Golf  
2008 til 2010 mod.

Volkswagen Service



BERGE & CO

★ SIDAN 1954 ★

Førde - 24 03 18 00  
Sogndal - 57 87 57 00  
Stryn - 57 87 26 00  
Flørø - 57 74 22 40  
Måløy - 57 84 80 08  
[www.berge.no](http://www.berge.no)